
PROAKTIV
Sjeldan mulegheit!
Kalbakken i Sogndalsdalen
FJÆRLANDSVEGEN 651



Våre kontorer

TRØNDELAG

- **Trondheim**
Bassengbakken 4,
7069 Trondheim
Tlf.: 73 99 22 55
trondheim.sentrum@proaktiv.no

- **Heimdal**
Søbstadveien 1, 7088 Heimdal
Tlf.: 72 59 92 40
heimdal@proaktiv.no

- **Moholt**
Hans Baucks veg 1,
7033 Trondheim
Tlf.: 73 20 26 50
moholt@proaktiv.no

MØRE OG ROMSDAL

- **Ålesund**
Løvenvoldgata 7, 6002 Ålesund
Tlf.: 91 73 83 52
jon@proaktiv.no

VESTLAND

- **Småstrandgt.**
Småstrandgaten 6, 5014 Bergen
Tlf.: 55 36 40 40
proaktiv.bergen@proaktiv.no

- **Arna & Åsane**
Myrdalsvegen 22, 5130 Nyborg
Tlf.: 47 50 69 11
arna.aasane@proaktiv.no

- **Voss**
Vangsgata 16, 5700 Voss
Tlf.: 56 52 19 50
voss@proaktiv.no

- **Sogn**
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
sogn@proaktiv.no

ROGALAND

- **Haugesund**
Haraldsgata 139, 5527 Haugesund
Tlf.: 90 84 36 56
haugesund@proaktiv.no

- **Stavanger**
Løkkeveien 52, 4008 Stavanger
Tlf.: 51 52 75 75
stavanger@proaktiv.no

- **Sandnes**
Langgata 3, 4306 Sandnes
Tlf.: 51 66 88 00
sandnes@proaktiv.no

- **Sola**
Solakrossen 13, 4050 Sola
Tlf.: 98 08 94 03
sola@proaktiv.no

- **Jæren**
Torgvegen 2, 4350 Kleppe
Tlf.: 51 48 22 00
jaeren@proaktiv.no

AGDER

- **KRISTIANSAND**
Fjellgata 4, 4612 Kristiansand
Tlf: 45 90 91 00
kristiansand@proaktiv.no

AKERSHUS

- **Lørenskog**
Rådmann Paulsens gate 28
1461 Lørenskog
Tlf.: 67 90 40 10
lorenskog@proaktiv.no


- **Lillestrøm**
Storgata 5A, 2001 Lillestrøm
Tlf.: 63 80 59 90
lillestrom@proaktiv.no

BUSKERUD

- **Drammen, Lier & Holmestrand**
Albums gate 15, 3016 Drammen
Tlf.: 97 74 42 47
drammen.lier@proaktiv.no

ØSTFOLD


- **Sarpsborg**
Torggata 8, 1707 Sarpsborg
Tlf: 69 12 60 60
borg@proaktiv.no



KALBAKKEN

Sogndalsdalen

NØKKEL-INFORMASJON



Adresse: Fjærlandsvegen 651, 6857 SOGNDAL

Gnr./Bnr.: Gnr. 55, bnr. 4, i Sogndal kommune

Prisantydning: 4.500.000,-

Omkostninger: 113.590,-

Totalpris: 4.613.590,-

Kommunale avgifter: 9.623,-

Bustadtype: Småbruk

Byggeår: 1972

Rom/soverom: 5/3

BRA: 509 m²

BRA-i: 166 m²

Etasje: 2

Garasje/Parkering: Gode parkeringsmoglegheiter på eigedomen. Det er også oppført garasje med plass til 1 bil.

Tomt: 333790.5 m²

Energimerke: Energiklasse: Gul D.

INNHOLD

2 Nøkkelinformasjon

4 Leder/megler

6 Kontorets side

7 Nærområdet

12 Informasjon om boligen

22 Boligen i bilder

35 Plantegninger

37 Kjerneinformasjon

46 Vedlegg

144 Budskjema

"For oss i Proaktiv er det å megle boliger som å spille sjakk. Vi overlater ingenting til tilfeldighetene. Det merker både den som skal selge bolig og den som skal kjøpe."

Eigedomsmeklar: **Olav Skjeldestad**



Olav Skjeldestad
Eigedomsmeklar MNEF
Mobil: 905 64 525
E-post: oj@proaktiv.no

AVDELING:
Proaktiv Sogn
Telefon: 90 56 45 25

EIN NY KVARDAG

Sjeldan mulegheit! Kalbakken i Sogndalsdalen | Gard med to bustadhus, jord, skog, jaktrettar og støl på Reppastølen

Kalbakken ligg lunt og fint til i Sogndalsdalen, berre 7 km og 7 minutt køyretid frå Sogndal sentrum. Tunet er omkransa av grøne bakkar og skog, med elva like nedanfor. Bygdeboka omtalar plassen som «rett ein ynskjeheim for arbeidshug og hugnad».

Her får du om lag 334 daa med jord og skog, to bustadhus, driftsbygning, garasje og fleire uthus. På Reppastølen følgjer stølshus og uthus. Her kan det på sikt bli rom for dyrehald og dyrking, samstundes som ein kan finne ro og trivsel tett på naturen.

Fleire bygningar treng omfattande vedlikehald. Det eldste bustadhuset er ikkje i brukbar stand. Jorda er leigd bort til 2032. Eigedomen er konsesjonspliktig og har driveplikt. Kommunen kan setje vilkår om buplikt. Testamentert forkjøpsrett.

Eigedomen har jaktrettar og fiskemoglegheiter i elva



Eigedomsmeklar MNEF **Olav Skjeldestad**

«ALT SOM ER VERDT Å GJØRE, ER VERDT Å GJØRES BRA.»

Lord Philip Chesterfield



Verdifulle kunder fortjener **verdifull** rådgivning.



Proaktiv Meklarhuset Sogn

Lokale meklarar som ser meir enn ein eigedom.

Beliggenhet
Kontoret ligg sentralt på Fosshaugane Campus, eit etablert og levande område med kort veg til Sogndal sentrum.

Proaktiv Meklarhuset Sogn
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
E-post: sogn@proaktiv.no

I Proaktiv Meklarhuset Sogn kjenner me Sogn, eigedomane og menneska som bur her. Men god eigedomsmekling handlar om meir enn lokalkunnskap. Det handlar om å sjå det kunden ein gong såg, og å formidle meir enn rom, kvadratmeter og planløysingar.

For oss handlar det om å få fram potensialet for eit liv. Kva er det som gjer akkurat denne staden spesiell? Kva er det som gjer at den rette kjøparen kan sjå for seg seg sjølv her?

Det krev erfaring, presisjon og godt handverk. Det krev at me kjenner marknaden, forstår menneska og veit korleis ein eigedom skal presenterast for å treffe dei rette.

Me er eit erfarent lag med ulik kompetanse og sterke lokale røter. Sammen jobbar me for at kvar eigedom skal få den merksemda han fortener, og at både seljar og kjøpar skal kjenne seg trygge gjennom heile prosessen.

For oss handlar det ikkje berre om å selje ein eigedom. Det handlar om å finne den rette kjøparen, den som ser meir enn ein bustad og kan sjå for seg eit liv der.



FJÆRLANDSVEGEN

Kommune: *Sogndal* / ***Område:*** *Sogndalsdalen*

Med ein ny bustad følgjer ei ny plassering. Du kjøper på mange måtar det området rundt har å by på. Butikkar, turområde, avstand til skular og barnehagar, eller studiestader og kulturtilbod. Bur du på rett stad, har du det betre.

Beliggenheit
Kalbakken ligg idyllisk og lunt til i Sogndalsdalen, omkransa av grøne bakkar og skog, med elva like nedanfor. Her kan ein nyte det landlege livet med naturen tett på, samstundes som det er kort veg til Sogndal sentrum.



Eigedomen har god tilkomst via riksveg 5, Fjærlandsvegen, og det er 5 minutt i bil til sentrum. Det vert opplyst å vere gode solforhold på plassen, og det er kort veg til turstiar og den lokale barnehagen på Notsete. Eigedomen har også jaktrettar og fiskemoglegheiter.

I sentrum finn ein mellom anna Sogningen Storsenter med eit variert butikktilbod, i tillegg til kaféar, restaurantar, kulturhus og kino. Den populære Fjordstien ligg også lett tilgjengeleg og byr på fine turmoglegheiter langs fjorden, mellom anna mellom Loftesnesbrui og Bondeviki. På Fosshaugane Campus finn ein

OFFENTLIG TRANSPORT

Kollsete Linje 120, 130, VY170, 830	2 min 2.8 km
Sogndal lufthavn Haukåsen	25 min
Bergen Flesland	145 km

DAGLIGVARE

Rema 1000 Sogndal	7 min
Coop Extra Sogndal Post i butikk, PostNord	7 min 7.3 km

VARER/TJENESTER

AMFI Sogningen	8 min
Apotek 1 Sjøkanten	7 min

SPORT

Kvåle stadion Fotball, friidrett	5 min 6 km
Fleirbruksbane Ballspill	5 min 6 km
Idrettssenteret	6 min
Spenst Sogndal	7 min

«Verdifulle kunder fortjener verdifull rådgivning.»



Nabolaget ditt!

Stedet du bor blir en del av deg



mellom anna treningssenter, klatresenter, storhall, høgskule og vidaregåande skule.

Hodlekve skisenter ligg om lag 11 minutt unna med bil og byr på alpinanlegg, langrennsløyper og flotte moglegheiter for toppturar og frikøyring.

Sogndal byr elles på flotte naturopplevingar året rundt, med kort veg til både fjell og fjord. Sogndal er regionsenteret i

Et innblikk i ditt nye nærområde og hva det har å by på.
Passer det dine ønsker og behov?

Indre Sogn og har eit variert arbeidsliv, gode utdanningsmoglegheiter og eit breitt tilbod innan handel og service. Frå Sogndal er det også gode kommunikasjonar vidare med buss, båt og fly.


Bebyggelse
Bebyggelsen på eigedomen består av to bustadhus, ein driftsbygning, garasje, og fleire eldre småbygningar i tunet. I Reppen er det stølshus og uthus.

Adkomst
Det er god tilkomst til bruket via riksveg 5, Fjærlandsvegen, og det er ca 7 kilometer til sentrum på god veg.
Eigedomen har tilkomst via privat stikkveg frå offentleg veg.

Barnehage/Skole/Fritid
Barnehager
Notsete barnehage - 14 min
Saman Sogndal studentbarnehage - 8 min
Stedje barnehage - 7 min

Skule

BOLIGMASSE





Kvåle skule - 5 min
Trudvang skule (Barneskole) - 8 min
Sogndal vidaregåande skule (Videregående skole) - 8 min
Sygna vidaregåande skule (Videregående skole) - 1t 28 min

Sport og trening
Kvåle stadion - 5 min kjøring
Fotball, friidrett
6 km
Fleirbruksbane - 5 min kjøring
Ballspill
6 km
Idrettssenteret - 6 min kjøring
Spenst Sogndal - 7 min kjøring

Se vedlagt nabolagsprofil for mer informasjon.


Skulekrets
Sogndal

SKOLER

Kvåle skule (6-10 kl.) 389 elever, 32 klasser	5 min 6.1 km
Trudvang skule (1-5 kl.) 412 elever, 33 klasser	8 min 7.2 km
Sogndal vidaregåande skule 730 elever, 41 klasser	8 min 7.4 km
Sygna vidaregåande skule 170 elever, 11 klasser	1 t 28 min 55.3 km

BARNEHAGER

Notsete barnehage (1-5 år) 27 barn	14 min 1.3 km
Saman Sogndal studentbarnehage (1-5 år) 39 barn	8 min 7.1 km
Stedje barnehage (0-5 år) 60 barn	7 min 7.6 km







VELKOMMEN TIL FJÆRLANDSVEGEN 651

Vi startar utandørs – bustaden har uteplass, og areala er pent opparbeidde.

Parkering
Bebyggelsen på eigedommen består av to bustadhus, ein driftsbygning, garasje, og fleire eldre småbygningar i tunet.

Det er garasje på eigedommen. Garasjen er oppført i 2016 og har eit areal på 22,0 m2 BTA.

Garasjen er oppført i reisverk på murar av betong, og er kledd med liggande bordkledning og har taktekking av stålplater. Bygget held enkel standard og fungerer til formålet. Noko vedlikehald må påreknast.

Tomtestørrelse
333 790,50 m²

Beskrivelse av tomt
Eigedomen ligg kort tid frå sentrum med god vegtilkomst og har flat og lett tilgjengeleg tomt og tun.

Eigedomen består av 2 bruksnummer:
Gnr. 55 Bnr. 4: 244 890,5 m2
Gnr. 63 Bnr.13: 88 900 m2.

Det er knytt forkjøpsrett til eigedomen i medhald av testament datert 10.10.2019. Forkjøpsretten omfattar Kalbakken (gnr. 55 bnr. 4) og Reppastølen (gnr. 63 bnr. 13), og gjeld ved sal til andre enn arvingane. Forkjøpsretten gir rett til å overta eigedomen til marknadsverdi. Det står litt meir om dette under "Diverse" i salsoppgåva.

Ras og skred:
Deler av eigedomen ligg i aktsemdsone for snøskred og jord- og flaumskred. (NIBIO gardskart)

Flaum:
Deler av eigedomen ligg i aktsemdsone for flaum. (NIBIO gardskart)

Naturtyper:
Teigane i Reppen ligg i eit område med verdsatte naturtyper - kalkrike områder i fjellet. (NIBIO gardskart).

Andre forhald:
Øvste delen av teigane i Reppen er registrert med vernskog. Det er eit lite område på marka i same område med risiko for drågerosjon. (NIBIO gardskart).

Jord, skog, jakt og fiske:
Jord:
Markene på eigedomen ligg samla rundt tunet og har lett tilkomst. Markene ligg i skåringar og er dels bratte, nokre ligg flatare til og er meir kuperte. Det ein ser under synfaring er at det må gjerast eit arbeid med drenering, då det renn mykje vatn rundtom på markene og vatn samlar seg i dammar. Det vert i dag produsert grovfor på jorda og det vert beita. Ein legg til grunn eit avkastningskrav på 400 kroner per daa fulldyrka jord, 300 for overflatedyrka og 100 for innmarksbeiter. Kapitaliseringsrente 4 prosent.
Jorda vert i dag vekkleigd til eit anna aktivt gardsbruk i dalen som driv med kyr og mjølkeproduksjon. Markene vert slegne og beita. Det føreligg leigeavtale for forholdet som gjeld til 2032 utan vederlag.





Skog:
Skogen på eigedomen består for det meste av lauvskog med innslag av gran og furu. Det har truleg vore eit granfelt på fremste teigen i Reppali, men dette er uthogge for fleire år sidan. Skogen har mest verdi som vedskog til eige bruk og evt noko sal. Det er gjort ein skjønnsmessig vurdering av verdien på skogen.

Jakt:
Eigedommen har jaktrettar i området. Arealkravet for eit hjorteløyve ligg rundt 300 daa per løyve i området per i dag, men dette kan
endre seg i takt med variasjonar i bestanden. For verdsetting går ein ut frå at eigedommen har tilgang på eit løyve per år.

TAKST OG TILSTAND

Byggemåte
Våningshus 1 (Gult hus)
Våningshuset er oppført tidleg på 1970-talet. Grunnmuren er utført i lettklinkerblokker, og det er grunnmursbeskyttelse og drenerande massar med ukjent utføringsår. Det er likevel opplyst at eigedomen vart drenert på nytt for mellom 10 og 20 år sidan.

Ytterveggene har bindingsverkskonstruksjon frå byggjeåret og er kledde med liggjande bordkledning. Takkonstruksjonen er eit saltak med W-takstolar i tre, undertak av rupanel/bordtak og kaldtloft. Taket er tekt med stål-/aluminiumsplater og har undertakstekking av takpapp.

Det er takrenner og nedløp av metall og plast, samt vindskier i treverk. Etasjeskiljet består av trebjelkelag.

Bygningen har måla trevindauge med 2-lags glas. Ytterdørene består av hovudytterdør i teak og måla balkongdører i tre med 2-lags glas.

Utvendig er det to verandaer i trekonstruksjon med rekkverk i tre. Innvendig er det ei måla tretrapp.

TG2 – Avvik som kan krevje tiltak
Utvendig > Nedløp, beslag og skorsteinar over tak
Avvik:
- Det er ikkje tilfredsstillande bortleiing av vatn frå taknedløp ved grunnmuren.

- Det manglar snøfangarar på heile eller delar av taket. Takvinkel og type taktekking tilseier at det av omsyn til tryggleiken er krav om snøfangarar.

Utvendig > Takkonstruksjon/loft
Avvik:
- Det er påvist fuktskjolder/skadar i takkonstruksjonen.
- Det er avgrensa/dårleg ventilering av takkonstruksjonen.
- Det er påvist eit hol i undertaket.

Utvendig > Yttervegger/veggkonstruksjon
Avvik:
- Det er inga eller lita lufting i nedre kant av kledninga mot grunnmuren.
- Det er påvist høg grad av slitasje på kledninga og avskaling av måling.

Utvendig > Vindauge og takvindauge/takluker/overlys
Avvik:
- Det er påvist enkelte glasruter som er punkterte eller sprukne.
- Det er påvist teikn til innvendig kondensering på enkelte vindaugsglas.
- Vindaugskarmane er slitne, og det er sprekker i treverket.
- Vindauga har usikker framtidig funksjon. Isolerglasrutene er eldre enn 35 år.

Utvendig > Ytterdører
Avvik:
- Dørkarmane er vêrslitne utvendig, og det er sprekker i treverket.

Innvendig > Overflater – golv
Avvik:
- Overflatene har ein del slitasje utover det ein kan forvente.

Innvendig > Overflater – vegger og himlingar
Avvik:
- Overflatene har ein del slitasje utover det ein kan forvente.

Innvendig > Etasjeskilje og berande konstruksjonar
Avvik:
- Det er registrert merkbare nedbøyingar/skeivskapar. Det er målt retningsavvik på 30 mm i gangen i hovudetasjen.
- Det er registrert betydeleg knirk i golvet i hovudetasjen.

Innvendig > Skadedyr og fuktkrevjande insekt
Avvik:
- Det er påvist spor etter mus på kaldtloftet og i kjellarbodene.

Kjøkken > Kjøkken > Overflater og innreiing
Avvik:
- Kjøkkenet har høg grad av slitasje og småskadar.

Kjøkken > Kjøkken > Avtrekk
Avvik:
- Ventilatoren har høg alder og er svært tilgrisa med feitt og matrestar.

Toalettrom > Toalettrom > Avtrekk/ventilasjon
Avvik:
- Toalettrommet har naturleg ventilasjon ut frå forskriftskrava.
- Det manglar luftespalte i eller rundt døra.

Tekniske installasjonar > Innvendige vassleidningar
Avvik:
- Koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar er eldre enn 33 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tekniske installasjonar > Innvendige avløpsrøyr
Avvik:
- Avløpsrøyr av ABS-plast er eldre enn 33 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tekniske installasjonar > Ventilasjon
Avvik:
- Det er påvist mangelfull ventilasjon i eitt eller fleire rom i bustaden.


Tomteforhold > Grunnmur og fundament
Avvik:
- Det er sprekkdanningar i grunnmuren.

Tomteforhold > Septiktank
Avvik:
- Septiktanken er av ukjend type, og det er difor vanskeleg å vurdere framtidig funksjon.

TG3 – Store eller alvorlege avvik

Utvendig > Taktekking
Avvik:
- Det er påvist store deformasjonar i takrennene etter snøbelastning frå taket.
- Det er påvist at taktekkinga er tærd.
- Det vasstette sjiktet på taket er eldre enn 18 år.

Innvendig > Rom under terreng (kjellar, underetasje, sokkeletasje)
Avvik:
- Det er påvist synleg fukt på mur/golv i kjellaren. Det er vått i muren i hjørnet mot nordvest.
- Det er påvist indikasjonar på noko fuktgjennomtrenging i kjellargolvet.
- Det er påvist indikasjonar på noko fuktgjennomtrenging inn i kjellarmuren.
- Det er påvist fuktskjolder/fuktskadar på overflater i underetasjen/kjellaren.
- Det er påvist symptom/teikn på svertesopp/muggsopp.
- Det er påvist konstruksjon med risiko for skadar (avvik frå fagleg god utføring/oppbygging). Potetkjellaren har ikkje fuktsperre mot grunnen, og det er ope ned mot grunnen.



Våtrom > Bad > Generelt
Avvik:
- Badet har høg alder og synlege skadar og slitasje. Våtrommet må oppgraderast for å tole normal bruk etter dagens krav.

Tomteforhold > Fuktsikring og drenering
Avvik:
- Synleg fukt og fuktmerke tyder på skade eller funksjonssvikt i fuktsikringssystemet.
- Det er påvist forhøgd fuktnivå i kjellarvegg, yttervegg eller kjellargolv.

Våningshus 2 (Kvitt), byggeår 1900 (byggeåret er usikkert). Eldre våningshus i oppført i tømmerkonstruksjon på murar av stein og betong, og tak av sperrekonstruksjon. Huset er kledd med liggande bordkledning og taket er tekka med bølgjeblekkplater. Huset er i beste fall eit totalrenoveringsobjekt, men riving bør vurderast av omsyn til HMS.

Kjøpar pliktar å gjere seg kjend med innhaldet i tilstandsrapporten og i eigenerklæringa frå fullmektig som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Seljar bur ikkje i eigedomen, og er ikkje i stand til å fylle ut eigenerklæringsskjema sjølv.

Garasje, byggeår 2016:
Garasjen er oppført i reisverk på murar av betong, og er kledd med liggande bordkledning og har taktekking av stålplater.

Reiskapshus, byggeår 1982, anteke byggeår i følgje vedlagt takst:
Redskapshuset er oppført i trekonstruksjon på murar av betong, taket er av sperrer. Bygget er kledd med liggande bordkledning og taket er tekka med bøljeblekk plater. Golvet er av fyllmasse.

Driftsbygning, byggeår 1900,(usikkert byggeår)
Driftsbygningen er oppført i trekonstruksjonar på murar av stein. Bygget er kledd med liggande bordkledning og taket er tekka med bøljeblekkplater.

Sæterhus, byggeår 1900, (usikkert byggeår)
Stølshuset er oppført i trekonstruksjonar på murar av stein. Bygget er kledd med liggande bordkledning og bøljeblekk plater, og taket er tekka med bøljeblekkplater.





Uthus stølen, byggeår 2015:
Uthuset på stølen er oppført i nyare tid i trekonstruksjon på murar av stein og betong. Bygget er kledd med liggande bordkledning og taket er tekka med stålplater.

Stabbur, smie, stolpehus og bod:
Det står fleire mindre, eldre bygningar på garden. Det er eit stabbur, ei smie, eit stolpehus og ein bod. Desse bygga har høg alder og ber preg av manglande bruk og vedlikehald, det er påvist større skader og bygga har liten bruksverdi slik dei står i dag. Bygningane står foran total renovering eller riving.

SAMMENDRAG SELGERS EGENERKLÆRING

Seljar overtok eigedomen i august 2026 og har ikkje sjølv nytta eigedomen. Eigedomen er overteken frå dødsbu, og seljar har difor avgrensa kjennskap til eigedomen og tidlegare utført arbeid.

Vatn og avløp
- Seljar kjenner til at tidlegare eigar måtte skifte delar av utvendige vassrøyr grunna frost. Arbeidet skal etter det seljar kjenner til, vere utført av fagfolk. Ifølgje opplysningar frå nabo vart det samstundes lagt inn Elvestadleidning (vassleidning med varmekabel).
- Seljar kjenner ikkje til kva firma som utførte arbeidet, og det ligg ikkje føre dokumentasjon.
- Tidlegare eigar fekk oppgradert brønnen for nokre år sidan ved å skifte ut den gamle brønnen med ein ny kum.

Oppvarming
- Ein tidlegare oljeomn er fjerna og erstatta med vedomn for om lag 20 år sidan. Den tidlegare utvendige dagtanken heng framleis på ytterveggen.
- I 2020 vart det montert varmepumpe. Denne har hatt ordinær etterservice frå leverandør.

Yttervegg, grunnmur og drenering
-Seljar opplyser at det tidlegare har vore vasspress frå terrenget mot grunnmuren.
- Forholdet vart utbetra av fagfolk ved at det vart sprengt bort massar rundt tre sider av huset. Det vart deretter lagt drenering, grunnmursplast og nye massar med pukk.
- Det har tidlegare vore problem med fukt og drenering i kjellar/underetasje før dreneringsarbeidet vart utført.
- Seljar kjenner ikkje til kva firma som utførte arbeidet, og veit ikkje om det ligg føre dokumentasjon. Det vert elles vist til tilstandsrapporten.

Skadedyr
- Seljar opplyser om tidlegare førekomst av mus/rotter på eigedomen.
- Det har tidlegare vore lagt ut musegift, då eigedomen er eit gardsbruk. Tiltaket vart utført av tidlegare eigar eller medhjelpar.

Ombygging og påbygg
- Det vart oppført veranda med verandatak for om lag 15–20 år sidan.
- Arbeidet skal vere utført av eit lokalt tømrarfirma. Seljar kjenner ikkje til namnet på firmaet, og det ligg ikkje føre dokumentasjon på arbeidet.

Naturfare
- Seljar opplyser om mogleg fare for snøras i området rundt stølen. Seljar meiner dette utelukkande gjeld ein viss snørasfare rundt stølsområdet, og viser til at stølshuset har stått sidan før andre verdskrigen.
- Det vert elles vist til tilstandsrapporten for nærare opplysningar.

Andre opplysningar
- Seljar kjenner ikkje til om det er inngått avtale om Norgespris på straum.
- Seljar kjenner ikkje til at det er utført radonmåling eller tiltak knytte til radon i bustaden.
- Seljar viser til tilstandsrapporten når det gjeld tilstandsvurderingar av eigedomen.
- Seljar opplyser at eigedomen Kalbakken ligg lunt og solrikt til, om lag 5 minutt med bil frå Sogndal sentrum. Eigedomen har etter seljar si vurdering stort potensial, men har behov for oppgradering og vedlikehald.

Opplysningane er henta frå seljar sitt eigenerklæringsskjema, datert 03.11.2026. Interessentar vert oppmoda om å setje seg grundig inn i både eigenerklæringsskjemaet og tilstandsrapporten.

VELKOMMEN INN!

Vi har sett på fasaden, uteplassane og dei tekniske skildringane.
No skal vi inn i bustaden og sjå nærare på alle romma.

Innhald
Våningshus 1, gult hus:
Våningshuset er på 2 etasjar og inneheld følgjande:
1.etg:
Gang, bad, toalettrom, kjøkken, stove og 3 soverom og veranda.

Kjeller:
Entré, gang, stove og 5 boder

Bebyggelsen på eigedomen består av to bustadhus, ein driftsbygning, garasje, og fleire eldre småbygningar i tunet. I Reppen er det stølshus og uthus.

Jorda vert i dag vekkleigd til eit anna aktivt gardsbruk i dalen som driv med kyr og mjølkeproduksjon. Markene vert slegne og beita. Det føreligg leigeavtale for forholdet som gjeld til 2032 utan vederlag.

Areal
Våningshus 1 (Gult hus)

Bruksareal:
Underetasje
BRA-i: 80 kvm
Total BRA: 80 kvm

1. etasje
BRA-i: 86 kvm
Total BRA: 86 kvm

Terrasse- og balkongareal:
Underetasje: 7 kvm

1. etasje: 24 kvm

Våningshus 2 (Kvitt hus)

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 89 kvm
Total BRA: 89 kvm

Garasje

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 22 kvm
Total BRA: 22 kvm

Reiskapshus

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 45 kvm
Total BRA: 45 kvm

Driftsbygning

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 143 kvm
Total BRA: 143 kvm

Sæterhus

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 28 kvm
Total BRA: 28 kvm

Uthus stølen

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 16 kvm
Total BRA: 16 kvm

Arealene er oppgitt av bygningssakkyndig på grunnlag av NS3940(2023). Eventuelle betegnelser på rom er angitt ut fra faktisk bruk, uavhengig av hva som er godkjent hos bygningsmyndighetene. Vedlagte plantegninger er ikke målbare.

Areala er henta frå tilstandsrapport utført av autorisert takstmann og er i samsvar med NS 3940. Meklar har ikkje kontrollert areala.

Våningshus 2:
Det er kun hovudplanet som er oppmålt.

Standard
Våningshus 1, Gult hus:
Bustaden er eit våningshus oppført tidleg på 1970-talet. Huset held normal standard for byggeperioden og ber preg av lite og manglande vedlikehald.

Innvendige overflater:
Golv: Belegg og betong/mur.
Vegger: Tapet, måla plater og betong/mur.
Himling: Himlingsplater.

Kjellar
Bustaden har inngangsparti i kjellaretasjen. Vidare inn blir ein møtt av eit vindfang og gangareal med god plass til oppheng av ytterklede og oppbevaring av sko.

Etasjen har ei kjellarstove med god plass til sofagruppe, og som eignar seg fint som ei ekstra stove eller TV-stove.

I tillegg inneheld kjellaren fem praktiske boder som gir rikeleg





med oppbevaringsplass.
I trapperommet opp til 1.etasje er det montert varmepumpe.

1. etasje
Stova er lys og romsleg, med ei fin utforming som gir gode moglegheiter for å etablere fleire sitjesoner. Store vindaugsflater sørgjer for rikeleg med dagslys og byr på flott utsyn mot omgjevnadene. Her er det også montert vedomn som gir ekstra oppvarming og bidreg til ei lun atmosfære. Frå stova er det direkte utgang til to overbygde verandaer, som gir gode moglegheiter for å nyte uteområdet.

Kjøkkenet har ei praktisk utforming med rikeleg skåpplass. Innreiinga har slette frontar og benkeplate i laminat. Av kvitevarer er det kjøle-/fryseskåp og komfyr. Kjøkkenet har ventilator med avtrekk til det fri.

Badet er truleg frå byggjeperioden, ifølgje vedlagde tilstandsrapport. Rommet har golvbelegg og våtromstapet på veggane, og er innreidd med dusjkabinett, servant og opplegg for vaskemaskin.

Toalettrommet har golvbelegg og måla veggplater. Rommet er innreidd med servant og toalett.

Etasjen inneheld i tillegg tre soverom av ulik storleik. Hovudsoverommet har god plass til dobbeltseng og eit praktisk, plassbygd garderobeskåp. Herifrå er det også direkte utgang til verandaen.

Tekniske installasjonar:
- Vassleidningar: Innvendige vassleidningar er av koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar.
- Avløpsrøyr: Innvendige avløpsrøyr er av ABS-plast.
- Ventilasjon: Bustaden har naturleg ventilasjon.
- Varmtvassberedar: Det er ein varmtvassberedar på ca. 200 liter.
- Andre installasjonar: Det er montert luft-til-luft-varmepumpe i bustaden.
- Elektrisk anlegg: Det elektriske anlegget er dels skjult og dels ope lagt opp, og er for det meste frå byggjeperioden. Sikringsskåpet er plassert på vegg i gangen i hovudetasjen og har nyare automatsikringar.

Forhold som openbert kan medføre fare for helse, miljø og tryggleik:
- Det manglar snøfangarar på heile eller delar av taket. Takvinkel og type taktekking tilseier at det av omsyn til tryggleiken er krav om snøfangarar.
- Rekkverket på balkong eller terrasse er for lågt i høve til dagens krav.
- Det er ikkje utført radonmålingar, og bygningen er heller ikkje oppført med radonsperre.
- Det er påvist brennbart materiale nærare enn 300 mm frå sotluke/feieluke. Dette aukar risikoen for antenning ved varme, gneistar eller sotrestar, og kan medføre brannfare og fare for liv og helse.
- Det manglar eldfast plate på golvet under sotluke/feieluke på pipa. Dette aukar risikoen for at glør eller sot kan antenne brennbart golvmateriale, og kan medføre brannfare og fare for





KJØKKEN

Kjøkkenet har ei praktisk utforming med rikeleg skåpplass. Innreiinga har slette frontar og benkeplate i laminat.

Hvitevarer
Kvitevarer som følgjer med i salet er:
- Kaffetrakter kjøkken (Moccamaster)
- Kjøleskåp med frys (eldre)
- Eldre komfyr,
- Frys kjellar (av nyare dato).

Kvitevarene vert overleverte utan nokon form for garanti utover eventuell leverandørgaranti.



liv og helse.
- Rekkverkshøgdene i innvendige trapper er lågare enn dagens forskriftskrav.
- Det er behov for at ein kvalifisert elektrofagleg person kontrollerer det elektriske anlegget.

Våningshus 2 (Kvitt hus, byggeår 1900 (usikkert byggeår)
Huset ber preg av å ikkje ha vore i bruk på fleire år, og etterslepet av vedlikehald er nådd eit punkt der det ikkje er sikkert huset kan
reddast. I beste fall er huset eit totalrenoveringsobjekt, men med betydelege råteskader i bakveggen og golv i øvste delen av hovudetasjen
er huset slik det står ein sikkerheitsrisiko og ferdsel i huset bør avgrensast til eit minimum.

Garasje, byggeår 2016:
Bygget held enkel standard og fungerer til formålet. Noko vedlikehald må påreknast.

Reiskapshus, anteke byggeår 1982 i følgje vedlagt takst:
Bygget held enkel standard og har vedlikehaldsbehov, men fungerer til formålet.

Driftsbygning, byggeår 1900, (usikkert byggeår)
Bygget er umoderne og vil ikkje slik det står no ha særskilt funksjon i dagens landbruk. Det er også eit betydeleg etterslep av vedlikehald og behov for større oppgraderingar.
Driftsbygningen har ikkje større verdi slik den står i dag.

Sæterhus, byggeår 1900, (usikkert byggeår)
Huset er fungerande, men held enkel standard og har tydelege behov for vedlikehald og oppgradering. Det er m.a. påvist tydelege skeivheiter i konstruksjonen. Vedlikehald og oppgradering må påreknast om stølshuset skal ha nokon framtidig verdi.

Uthus stølen, byggeår 2015:
Uthuset held enkel standard, men fungerer til formålet. Noko vedlikehald må påreknast.


Stabbur, smie, stolpehus og bod:
Det står fleire mindre, eldre bygningar på garden. Det er eit stabbur, ei smie, eit stolpehus og ein bod. Desse bygga har høg alder og ber preg av manglande bruk og vedlikehald, det er påvist større skader og bygga har liten bruksverdi slik dei står i dag. Bygningane står foran total renovering eller riving.

Oppvarming
- Varmepumpe
- Vedomn
- Elektrisk oppvarming

Energimerke
Gul D

Info strømforbruk
Vi har ikkje motteke opplysningar frå seljarane om det er inngått avtale om Norgespris på straum for bustaden. Det er difor uavklart om eigedomen er omfatta av ei slik avtale.







SOVEROM

BAD OG TOALETTROM











DRIFTSBYGNING

Driftsbygningen er oppført ca i 1900, byggeåret er usikkert.









STØLSHUS OG UTHUS

Med eigedomen følgjer også eit stølshus og uthus som ligg på Reppen.


Begge bygg held enkel standard, men fungerer til formålet. Noko vedlikehald må påreknast.



PLANTEIKNINGAR



Avvik kan førekoma.



Avvik kan førekoma.

KJERNEINFORMASJON

BESKRIVELSE AV EIENDOMMEN

Tomtestørrelse
333 790,50 m²

Beskrivelse av tomt
Eigedomen ligg kort tid frå sentrum med god vegtilkomst og har flat og lett tilgjengeleg tomt og tun.

Eigedomen består av 2 bruksnummer:
Gnr. 55 Bnr. 4: 244 890,5 m2
Gnr. 63 Bnr.13: 88 900 m2.

Det er knytt forkjøpsrett til eigedomen i medhald av testament datert 10.10.2019. Forkjøpsretten omfattar Kalbakken (gnr. 55 bnr. 4) og Reppastølen (gnr. 63 bnr. 13), og gjeld ved sal til andre enn arvingane. Forkjøpsretten gir rett til å overta eigedomen til marknadsverdi. Det står litt meir om dette under "Diverse" i salsoppgåva.

Ras og skred:
Deler av eigedomen ligg i aktsemdsone for snøskred og jord- og flaumskred. (NIBIO gardskart)

Flaum:
Deler av eigedomen ligg i aktsemdsone for flaum. (NIBIO gardskart)

Naturtyper:
Teigane i Reppen ligg i eit område med verdsatte naturtyper - kalkrike områder i fjellet. (NIBIO gardskart).

Andre forhald:
Øvste delen av teigane i Reppen er registrert med vernskog. Det er eit lite område på marka i samme område med risiko for drågerosjon. (NIBIO gardskart).

Jord, skog, jakt og fiske:
Jord:
Markene på eigedomen ligg samla rundt tunet og har lett tilkomst. Markene ligg i skåringar og er dels bratte, nokre ligg flatare til og er meir kuperte. Det ein ser under synfaring er at det må gjerast eit arbeid med drenering, då det renn mykje vatn rundtom på markene og vatn samlar seg i dammar. Det vert i dag produsert grovfor på jorda og det vert beita. Ein legg til grunn eit avkastningskrav på 400 kroner per daa fulldyrka jord, 300 for overflatedyrka og 100 for innmarksbeiter. Kapitaliseringsrente 4 prosent.
Jorda vert i dag vekkleigd til eit anna aktivt gardsbruk i dalen som driv med kyr og mjølkeproduksjon. Markene vert slegne og beita. Det føreligg leigeavtale for forholdet som gjeld til 2032 utan vederlag.

Skog:
Skogen på eigedomen består for det meste av lauvskog med innslag av gran og furu. Det har truleg vore eit granfelt på fremste teigen i Reppali, men dette er uthogge for fleire år sidan. Skogen har mest verdi som vedskog til eige bruk og evt noko sal. Det er gjort ein skjønnsmessig vurdering av verdien på skogen.

Jakt:
Eigedommen har jaktrettar i området. Arealkravet for eit hjorteløyve ligg rundt 300 daa per løyve i området per i dag,



men dette kan
endre seg i takt med variasjonar i bestanden. For verdsetting går ein ut frå at eigedommen har tilgang på eit løyve per år.

ØKONOMI

Forsikring
Forsikringsselskap Frende
Polisenummer 550592

Formuesverdi primær
140.036,- for 2024

Info kommunale avgifter
Kommunale avgifter inkluderar:
- Avløp
- Feiing
- Renovasjon

Totalt inkl. eigedomsskatt kr. 13 579,-

Kommunale avgifter
9.623,- for 2026

Eigedomsskatt
3.956,- for 2026

Info formuesverdi
Beløpet for formuesverdi primær er oppgitt av seljar. Meklar har ikkje motteke opplysningar om sekundær formuesverdi.

Skatteetaten fastset årleg formuesverdien på bustader i Noreg. Frå og med 2026 blir det teke i bruk ein ny berekningsmodell, som kan føre til at enkelte skatteytarar får høgare bustadverdiar. Formuesverdien for 2026 kan difor vere høgare enn det som er oppgitt.

Andre utgifter
Seljar opplyser om følgjande faste løpande kostnader/forbruk:
- Straumforbruk: I perioden Januar-september i 2026 er det brukt 13 300 kWh.
- Husforsikring: Kr. 11 119,- pr år.

Kostnadene er baserte på opplysningar frå seljar og vil kunne variere etter forbruk, avtalar og framtidige prisendringar.
Det må påreknast faste løpande utgifter til internett, straum, innbuforsikring og kommunale avgifter bl.anna.

Diverse
Forkjøpsrett:

Det er knytt forkjøpsrett til eigedomen i medhald av testament datert 10.10.2019. Forkjøpsretten omfattar Kalbakken (gnr. 55 bnr. 4) og Reppastølen (gnr. 63 bnr. 13), og gjeld ved sal til andre enn arvingane. Forkjøpsretten gir rett til å overta eigedomen til marknadsverdi.

Eigedomen blir lagt ut for sal i den opne marknaden med ordinær bodrunde. Forkjøpsrettshavaren er orientert om salet og vil ta stilling til om forkjøpsretten skal nyttast etter avslutta bodrunde.

Når seljar har akseptert eit bod, er det inngått bindande avtale om sal. Kjøpekontrakten vil bli signert kort tid etter bodaksept.

Forkjøpsrettshavaren vil deretter få skriftleg varsel med ein frist på to månader til å gjere forkjøpsretten gjeldande. Fristen blir rekna frå den dagen varselet er motteke.

Dersom forkjøpsretten blir nytta, kan forkjøpsrettshavaren overta eigedomen i staden for den opphavlege kjøparen.

Overtaking og oppgjer vil difor først bli gjennomført når forkjøpsretten er endeleg avklart. Interessentar må vere merksame på at dette kan medføre noko lengre tid mellom bodaksept og overtaking.

Teikningar:
Våningshus 1, Gult hus:
- Det føreligg godkjente og byggemeldte teikningar, som

stemmer med dagens bruk.

Garasje:
Det føreligg ikkje godkjente og byggemeldte teikningar for denne bygningen.

Oljetank:
Det er installert dagtank på veranda foran soverom. Det er ukjent om anlegget er operativt i følgje vedlagt tilstandsrapport.

OFFENTLIGE FORHOLD

Ferdigattest/Midlertidig brukertillatelse
Det føreligg ferdigattest for «nybygg uthus» på Reppastølen, gnr./bnr. 55/4, datert 26.02.2016.

Det føreligg ikkje ferdigattest eller mellombels bruksløyve på dei andre bygningane på eigedoemen.

Tinglyste heftelser og rettigheter
På eiendommen er det tinglyst følgende heftelser og rettigheter som følger eiendommens matrikkel ved overskjøting til ny hjemmelshaver:

4640/55/4:
09.04.1945 - Dokumentnr: 152 - Jordskifte
Grensegangssak
Gjelder denne registerenheten med flere

11.05.1946 - Dokumentnr: 229 - Jordskifte
Grensegangssak
Gjelder denne registerenheten med flere

02.01.1952 - Dokumentnr: 2 - Erklæring/avtale
Veganlegget Stedje-Reppen-Gjerde
Gjelder denne registerenheten med flere

20.11.1952 - Dokumentnr: 990051 - Elektriske kraftlinjer
Høgspentlinja Kvåle - Sogndalsdalen
Gjelder denne registerenheten med flere
———-
Diverse påtegning
Gjelder ikke for gnr. 46 bnr. 11

13.11.1970 - Dokumentnr: 1604 - Jordskifte
Grensegangssak
Gjelder denne registerenheten med flere

08.01.1975 - Dokumentnr: 44 - Jordskifte
Gjelder denne registerenheten med flere

03.11.1976 - Dokumentnr: 2779 - Jordskifte
Gjelder denne registerenheten med flere

11.12.1995 - Dokumentnr: 2820 - Bestemmelse iflg. skjøte
Rettighetshaver: Knr:4640 Gnr:55 Bnr:15
Bestemmelse om veg
Bestemmelse om vannledning
Gjelder naboeigedom som har rett til å bruke vegen og leggje vassleidning til elva.

31.05.1904 - Dokumentnr: 900028 - Registrering av grunn
Denne matrikkelenhet opprettet fra:
Knr:4640 Gnr:55 Bnr:3

16.10.1974 - Dokumentnr: 990045 - Sammenslått med denne matrikkelenhet:
GNR 55 BNR 5

28.11.1995 - Dokumentnr: 2714 - Registrering av grunn
Utskilt fra denne matrikkelenhet:
Knr:4640 Gnr:55 Bnr:15

03.09.2001 - Dokumentnr: 2061 - Grensejustering
Gjelder denne registerenheten med flere

03.09.2001 - Dokumentnr: 2082 - Målebrev
Veggrunn, gnr. 55 bnr. 16
Gjelder denne registerenheten med flere

19.02.2003 - Dokumentnr: 404 - Målebrev
Målebrev over gnr 56/1 feste 2 frå d.e. m.fl.
Gjelder denne registerenheten med flere

01.01.2020 - Dokumentnr: 149781 - Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1420 Gnr:55 Bnr:4

4640/63/13:
06.01.1970 - Dokumentnr: 23 - Jordskifte
Vårstølen Skisete
Gjelder denne registerenheten med flere

20.10.1986 - Dokumentnr: 2647 - Bestemmelse om vannrett
Rettighetshaver: Knr:4640 Gnr:63 Bnr:13 Fnr:1
Bestemmelse om veg

20.10.1986 – Dokumentnr. 2647 – Festekontrakt

Det er tinglyst festekontrakt på ei hyttetomt på ca. 600 m² under gnr. 63 bnr. 13 (Reppastølen), med adresse Skirsetevegen 214.

Festekontrakten er frå 1986 og har ei festetid på 99 år, rekna frå 26.09.1986. Opphavleg årleg festeavgift vart fastsett til kr 500, med høve til regulering kvart tiande år i samsvar med vilkåra i kontrakten.

Gjeldande årleg festeavgift er ikkje stadfesta.

Festekontrakten inneheld elles føresegner om mellom anna vegtilkomst, vassrett og overdraging av festeretten.

Ny eigar av Kalbakken overtek rettane og pliktene som bortfestar etter festekontrakten.

Kopi av festekontrakten ligg ved salsoppgåva.

15.09.1934 - Dokumentnr: 900093 - Registrering av grunn
Denne matrikkelenhet opprettet fra:
Knr:4640 Gnr:63 Bnr:4

01.01.2020 - Dokumentnr: 1635958 - Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1420 Gnr:63 Bnr:13
Gjelder denne registerenheten med flere

Regulerings- og arealplaner
Eigedomen er i arealdelen til kommuneplanen sett av til LNFR.

Vei/Vann/Avløp
Adkomstvei: Eigedomen har tilkomst via privat stikkveg frå offentleg veg.
Tilknytning vann: Eigedomen har privat vatn.
Tilknytning avløp: Eigedomen har privat avløp.

Tank 68664, Slamavskiljar
Siste tømming: 2023-06-19 11:39
Neste tømming: Mai - Aug. 2027
Tankvolum: 4 m³

Legalpant
Kommunen har legalpant i eigedomen. Dette gjeld alle bebygde eigedomar i alle kommunar i Norge. På eigedomen kan det være tinglyst erklæringar/avtalar som for eksempel rett til kommunen til å anlegge vatn og kloakkleidningar inkl. reparasjon av desse. Bestemmelsar om bebyggelse, gjerder, adkomstrettigheter. Desse erklæringene/avtalene vil følge eigedomen ved sal og kan ikkje slettast.

Radonmåling
Eigedomen ligg i område med aktomheitsgrad – Middels i følgje vedlagt NGU radonkart.

Det vert gjort merksam på at det ved utleige er krav om å gjennomføre radonmåling, og at forsvarlege radonnivå skal kunne dokumenterast. Kravet gjeld alle typar utleigebustader, inkludert leilegheiter og hyblar i tilknyting til eigen bustad, så lenge det vert betalt husleige.

I dei tilfella der det ikkje er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særskilt merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

Sjå http://www.nrpa.no for nærare informasjon.

Adgang til utleie
Det er ikkje kjent at det ligg føre offentlegrettslege reglar som er til hinder for at heile eigedomen vert leigd ut.

Det er krav om forsvarlege radonnivå i utleigebustader. I dei tilfella der det ikkje særskilt er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særskilt merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

Sjå http://www.nrpa.no for nærare informasjon.

Grunnboksdato
Tirsdag, 27. oktober 2026

Konsesjon
Konsesjon og buplikt

Eigedomen har over 35 daa fulldyrka og overflatedyrka jord og er over 100 daa totalt. Eigedomen er såleis konsesjonspliktig ved ordinært sal på den opne marknaden.

Ved konsesjonsfri overtaking innanfor den familiekretsen som er omfatta av konsesjonslova, gjeld det som hovudregel lovbestemt personleg buplikt. Dette inneber at ny eigar må busetje seg på eigedomen innan eitt år og bu der i minst fem år. Dersom kjøpar ikkje kan eller ønskjer å oppfylle buplikta, må det søkjast konsesjon.

Ved ordinært konsesjonspliktig sal kan kommunen stille vilkår om buplikt etter konsesjonslova § 11. Kjøpar må i konsesjonssøknaden gjere greie for planane sine for busetjing og bruk av eigedomen. Det er kommunen som avgjer om konsesjon skal givast, og kva vilkår som eventuelt skal stillast.

Eigedomen kan omsetjast på den opne marknaden, men kjøpar må søkje konsesjon frå Sogndal kommune. Kjøpar pliktar å søkje konsesjon utan ugrunna opphald etter aksept av bod, og seinast innan fire veker etter at bindande avtale er inngått, jf. konsesjonslova § 13. Kjøpar ber kostnadene ved konsesjonssøknaden.

Eigedomen oppfyller arealkravet for priskontroll etter konsesjonslova § 9 a. Ved konsesjonsbehandling kan kommunen vurdere om den avtalte kjøpesummen er akseptabel etter reglane om priskontroll. Det gjeld særskilde unntak frå priskontrollen, mellom anna ved kjøp til bustadføremål av bebygd eigedom med brukbart bustadhus når kjøpesummen er under kr 3,5 millionar.

Konsesjonsrisiko

Seljar har risikoen dersom konsesjon blir avslått heilt eller delvis fordi den avtalte kjøpesummen er for høg, jf. konsesjonslova §§ 9 a og 15 a.

Ved slikt avslag kan avtalen om overdraging ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller overfor offentlege styresmakter. Dette er ei lovbestemt risikofordeling som partane ikkje kan avtale seg bort frå.

Det same gjeld dersom kjøpar er eit selskap med avgrensa ansvar eller ei stifting som nemnt i konsesjonslova § 9 tredje ledd, og konsesjon blir avslått heilt eller delvis på grunn av eigarforma.

Kjøpar sin konsesjonsrisiko

For andre forhold som kan føre til avslag på konsesjon, er det avtalt at kjøpar ber risikoen. Dette gjeld mellom anna forhold knytte til kjøparen sjølv, planlagt bruk av eigedomen, busetjing og eventuelle vilkår om buplikt.

Dersom konsesjon blir avslått på eit slikt grunnlag, er kjøpsavtalen framleis bindande mellom partane. Kjøpar kan då ikkje krevje seg løyst frå avtalen som følgje av konsesjonsavslaget, og vil etter den avtalte risikofordelinga vere forplikta til å gjennomføre handelen.

Ved endeleg avslag på konsesjon som kjøpar ber risikoen for, pliktar kjøpar å betale kjøpesummen og medverke til at oppgjeret kan gjennomførast seinast to månader etter at endeleg avslagsvedtak ligg føre.

Eit endeleg avslagsvedtak ligg føre når klagefristen er utløpt utan at vedtaket er påklaga, eller når alle ordinære klagemoglegheiter i forvaltninga er uttømde.

Kjøpar må vere merksam på at dette kan innebere plikt til å betale kjøpesummen sjølv om konsesjon ikkje blir gitt og skøyte ikkje kan tinglysast på kjøpar.

Ved avslag på konsesjon som kjøpar ber risikoen for, må kjøpar sørgje for vidare overdraging av eigedomen til nokon som kan få konsesjon eller overta konsesjonsfritt, innan den fristen konsesjonsmyndigheitene fastset.

Gjennomføring av oppgjer og eventuell utbetaling til seljar føreset at nødvendige avtalar og tryggleik for kjøpesummen er etablerte, og at vilkåra i eigedomsmeklingslova § 6-10 tredje ledd og eigedomsmeklingsforskrifta § 6-5 er oppfylte.

Dersom oppgjeret skal gjennomførast utan at kjøpar får tinglyst heimel, må kjøpar sikrast på annan forsvarleg måte, til dømes gjennom tredjemannspant i eigedomen eller anna avtalt sikkerheit. Dei nærare vilkåra for dette blir regulerte i kjøpekontrakten.

Offentleg gebyr for handsaming av konsesjonssøknaden kjem i tillegg og blir betalt av kjøpar.

Buplikt
Eigedommen har over 35 daa fulldyrka og overflatedyrka mark og vert underlagt lovpålagt buplikt

Driveplikt
Eigedomen er underlagd jordlova, med driveplikt etter § 8.

Eigedomen kan ikkje delast utan søknad og godkjenning frå kommunen eller Statsforvaltaren, jf. jordlova § 12.
Driveplikta gjeld for all fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, og gjeld frå første dekar.
Eigedomen er òg omfatta av skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter.

Odelsrett
